



Haram Kultur-historiske Lag

6290 Haramsøy 23. mai 2002

Miljöverndepartementet
Boks 8013 Dep.
0030 Oslo

NOU 2002:1
Kulturminnepolitikken:

NOU 2002:1 er mottatt og gjennomgått i korte trekk. Den er sendt ut til ei lang rekke instansar til høyring. Og bra er det. Men alt i alt virkar innstillinga "svak". Her er ei masse bla-bla og tåkeprat og lite nytt. Grunnlaget for ei ny kulturminnelov vert sjølvsagt der etter.

1. For det første får lesaren vanskar med å identifisere det austlandsprega utvalet som er opprita. Ein får ikkje vite noko om kva slags roller medlemene har spela i samfunnslivet. Inabilitetsspørsmålet ligg liksom på lur, dvs. at partar kan kome i ei dobbelrolle.
2. For det andre: Politikken virkar altfor lite konkretisert. Kystkulturen virkar nærast utegløymd bortsett frå noko generelt prat.
3. For det tredje: Behovet for å ivareta både fysiske og immaterielle verdiar virkar enormt stort. Den økonomiske sida ved sakar står på ingen måte i høve til dette i innstillinga. Kor mykje eller lite "kulturpengar" som skal tilflytte statsbudsjettet på sikt virkar mildt sagt uklart.
4. Dersom Staten skal "ta over" og styre og sikre "vaår felles kulturarv", vil nok den store Staten kome sörgjeleg til kort. Her er det ikkje snakk om millionar, men om milliardar! om ein skal nærme seg problemet. Då spørst det kor stor den politiske viljen er for å imøtekome behovet. Skal oppgåvene skuvast over på kommunane, dvs. til kommunar som er pressa langt oppover halsen i andre oppgåver, vert resultatet slett ikkje betre.
5. Det er lett for Staten å frede private ting, - hus, båtar, anlegg, fornminne, lausøyre etc. og ev. krevje avleveringsplikt frå private i dag. Skal alt dette innløysast etter markedsverdi (små bruksting kan ha ein nokså stor verdi i antikvitetsbutikkar), vil nok den ståkkars Staten kome til kort. Ein kan spørje: Får eigaren full kompensasjon for dette no? Neppe. (Er dette i samsvar med § 105 i Grunnlova?) Er dette diskutert i innstillinga??

Så vidt eg forstår kan metall, gull, sølv etc. innløysast og overtakast av Staten for 10% av verdien berre. Altså vert finnaren/eigaren avspist med ein tiendepart berre. Kva slags politikk er dette? Konsekvensen vert sjølvsagt at tingane kan verte underslått, avhenda/omsett på ein ureglementær måte, eller rett og slett gå tapt for ettertida om dei vert kasta eller rotnar opp.



Haram Kultur-historiske Lag

6. Det virkar lite tilfredstillande berre å bruke pengar på registrering i påvente av såkalla "forsking", dersom dette materialet vert liggande på lager. Etter nokre tiår er kanskje objekta i terrenget vekk. Verdien av registrering vert derfor nærast fiktiv om ikkje tilstandane vert fylgt opp i praksis på staden.

Etter HKL si meining burde styresmaktene i langt større grad støtte opp om lokale og regionale prosjekt på ein meir heilskapeleg måte enn no. Dette krev både oversyn, lokalkunnskap og handling for derved å kunne fremje og utvikle distriktpolitiske målsetjingar.

Ikkje glöym at km byen er bygd på bygdenes eksistens! Kunnskap om lokal historie og kultur er og med å skape dagens næringsliv og reiseliv om dette vert nytta i praksis. Ein forsetnad for dette er at lokalmiljøet vert trekt inn på ein konstruktiv måte. Tenk berre på Norges langstrakte kystline og på dei som bur eller budde der! Som sagt synest me kystkulturen har vorte nokså stemoderleg behandla i den ordrike utgreiinga som no ligg føre. Inviterer samansetjinga av utvalet til noko anna, forresten?

7. Eg nemnde utviklinga av lokale "prosjekt" som döme på ein framtidsretta politikk. Her berre eit konkret eksempel på frå lokal historie:

På ei øy i midt-Norge vart det før ein mannsalder sidan gjort eit sensasjonelt gullfunn. Meir enn ein halv kilo 22 karat gull i form av ringar, medaljong etc vart avdekkja ved eit tilfelle. Grava til hovdingen stamma frå det 4. hundreåret e.Kr., men med trådar til Romarriket. Soga fortel at på funnstaðen budde det ein lendmann rundt år tusen som of hadde kontakter utover landegrensene. På hans grunn sprang det opp ei stavkyrkje med gravplass for hiele distriktet (ikkje berre for folk på øya).

Det var sjøen som danna livsgrunnlaget då som no saman med åkerlappar og husdyrhald. Sjöhusa stod side om side med plass for båtar, vogn og fisk. Mykje avdette står der mest som før, men delvis til nedfalls. Kommunen peika ut kyrkjesteden som kulturminne, men har ingen ting meir gjort. Stavkyrkja vart forresten nedriven i 1838, men inventaret teke vare på, til der i blant ringeklokka laga av Gerardus de Wou frå Kampen i Holland år 1487. Kystverket bygde i si tid (for 70-80 år sidan) ein kjempesvær molo mot storbåra for å sikre at fiskebåtar ikkje skulle drive i land og verte knuste.

I dag er der lite att av tradisjonelle fiskebruk. Fabrikkskip har teke plassen og fløtt til byen. Men hamna ligg der som ei festning mot stohavet. Naustrekka, 14-15 stk., står der framleis (men er eit lett bytte for elden når turgraset turkar rundt veggene). Vegen frå moloen til tusenårstaden er så smal og ujamn at trafikantar har vanskar med å kome fram og finne plass for bilane sine.



Haram Kultur-historiske Lag

Nei, kommunen (og Staten?) har ikkje råd! Så breier resignasjonen seg. Folk flöttar. Så får historia og kulturvernet sige sin eigen sjö, seier dei.

For nokre år sidan skreiv eg ein artikkel for vår lokale avis om åttringsbåten som kulturminnesymbol. (God lektyre for ekspedisjonssjefen og departementale fuksjonærar på sengekanten!) Eg drog fram pioneren og letaren Tomas Longva som tidleg på 1600-talet la grunnlaget for folks velferd på Sunnmøre gjennom si oppdagingsferd. HKL har ~~maxxitxxmxxixxxmxx~~ no reist han ein bauta på staden.

+ + +

Etter som det ikkje finst att ein einaste åttringsbåt i original på heile Sunnmøre har HKL reist tanken om å få bygt ein slik på basis av åttringsbord på naustvegger. Etter råd frå Saxe Björkedal, som nyleg fekk Kongens gull for rekonstruksjon av gamle båtar, strakte medlemer av laget opp plastduk langs naustveggene og teikna inn alle detaljar på bordgangane. Materialet vart sendt til Saxe Björkedal som fann ut at dette var av to originale båtar. Kostnaden på bygging vert angiveleg 2-300 tusen kroner og kan gjerast av båtspesialisten Jakob Björkedal i Volda. Men pengane vantar. Både denne båten og andre opne båtar er teikt nytta i tilknytning til ein reiselivsplan som et under utforming til tilknytning til fiskerihamna og naustmiljøet, fornminne og tusenårsstaden like ved. Alt dette som eit döme frå kystmiljøet som NOU!l er så fattig på. HKL har forresten over ein periode på 30 år teke opp ei lang rekke konkrete saker som det vil føre for langt å kome inn på her. Så som fleire store seminar, prenting av ein skriftserie som no tel 51 nummer (tre nye er på beddingen) monumentet over englandsfarten i Ålesund, publisering av Hans Ströms "annonationsbok" frå 1750-åra, kjeldeskrift etc.

+ + +

- Når det gjeld særmerknaden av mindretalalet i innstillinga er denne av stor verdi. Her får Schanke og Sulheim sett tingane ein del på plass og stilt relevante spørsmål. Fleirtalet produserer som sagt mest bla-bla prat.

Mindretalalet reiser og det relevante spørsmålet om "Statlig unnfallenhet". Og med rette. Midlane går i stor grad til forvaltning og auka byråkratisering med den konsekvens at reelle verneobjekt kjem i andre rekke. Eldsjelene ute i felten gjer så godt dei kan på fritida si. Men får ikkje desse og andre private støtte og oppmuntring, vert landet som heilskap taparen, lokalsamfunnet især. Dersom politikken

Vedlegg: Uttale fra 1974 om Lova, ~~ekspedit~~ artikkel frå 1997, hefte nr 37 1996 * art. om *Åttringsbåten*
sviktar, kan ein spørje seg om nokre år kor mykje den nye kulturminnelova har berga for ettertida? For HKL,

Harald B. Haram